



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/631-

10. september 2021

Informasjon om fastsetjing av forskrift om skogbehandling og skogsdrift i Oslo og nærliggjande kommunar

Landbruks- og matdepartementet har i dag fastsett ei ny forskrift om skogbehandling og skogsdrift i Oslo og nærliggjande kommunar (markaforskrifta), og endring i forskrift 28. mai 2015 nr. 550 om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 4-1. Samtidig har departementet fastsett endring i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

Bakgrunn

Departementet sende 7. juli 2017 på høyring forslag om ny forskrift om skogbehandling og skogsdrift i Oslo og nærliggjande kommunar (markaforskrifta) med høyringsfrist 23. oktober 2017.

I Stortinget sitt vedtak av lov om naturområder i Oslo og nærliggjande kommunar (markaloven) la både regjeringa og stortinget til grunn at skogbruket skulle regulerast etter skogbrukslova og forskrifta om skogbehandling og skogsdrift i Marka.

I samband med Stortinget si behandling av markaloven understreka fleirtalet i energi- og miljøkomiteen følgjande i Innst. O. nr 58 (2008-2009):

Flertallet merker seg at skogsdriften fortsatt vil bli regulert av skogbruksloven med forskrifter. Restriksjonsnivået for skogbruket vil stort sett være det samme som før markaloven. Det vil imidlertid bli foretatt en ny gjennomgang av gjeldende markaforskrift etter skogbruksloven, med sikte på en tilpasning til Regjeringens samlede markapolitikk og skogbrukslovens virkeområde og innretning.

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse
Teatergata 9
www.lmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 874

Avdeling
Avdeling for skog- og
ressurspolitikk

Saksbehandlar
Beate Løken
22 24 93 70

Hovudtrekk i høyringsbrevet

- Departementet foreslo å forenkle forskrifta ved å ta ut reguleringar som er ivaretekne i anna regelverk (forskrift om berekraftig skogbruk, forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket).
- Vidare foreslo departementet å endre gjeldande meldepliktsordning for hogst – som i realiteten har fungert som ei søknadsplikt – til ei meldeplikt der hogsten kan setjast i gang etter tre veker dersom kommunen ikkje gir svar på meldinga. Departementet har, med bistand frå Landbruksdirektoratet, gått gjennom fleire års hogstmeldingar og sett at det er ein liten del av meldingane der styresmaktene grip inn mot den planlagde hogsten. Samtidig er det også ein svært liten del av løyva som blir klaga på. Dette tyder på at skogbruket tek ansvaret for å ta miljøomsyn i Marka på alvor, og at byråkratiet bør kunne reduserast.
- Departementet foreslo at det skulle vere ei nedre grense for meldeplikta for flatehogstar på mindre enn 10 dekar. Som følgje av forslaget om ei reindyrka meldeplikt foreslo departementet ei innsynsløysing for å sikre allmenta innsyn i og påverknad på hogstplanar i Marka.
- I tillegg, som ei følgje av forslaget om meldeplikt og ikkje søknadsplikt, foreslo departementet at dei øvre arealgrensene for hogst i dag, på 30 dekar i sentrale delar av Marka, og 50 dekar i ytterområda av Marka, burde endrast frå å vere anbefalte grenser til absolutte grenser med avgrensa moglegheit for å dispensere frå grensene.

Gjennom behandlinga av markaloven i Stortinget blei det avklart at verkeområdet for markaforskrifta skal vere det same som verkeområdet for markaloven, og at Statsforvaltaren i Oslo og Viken blir klageinstans i alle saker. Dette blei innarbeidd i utkastet til revidert forskrift.

Etter departementet si vurdering representerte høyringsutkastet ei heilskapleg tilnærming til regjeringa sin markapolitikk samtidig som det også la opp til ei effektivisering og avbyråkratisering.

Høyringsinstansane sine synspunkt

Det kom inn 46 høyringssvar. Av desse var 12 kommunar der alle er politisk behandla bortsett frå i Asker, Jevnaker og Lunner kommunar. Det kom inn 26 høyringssvar frå organisasjonar og enkelte grunneigarar. Nokre av svara var felles svar frå fleire organisasjonar. Vi fekk også høyringssvar frå Landbruksdirektoratet, Fylkesmannen i Buskerud, Oslo og Akershus og Oppland, samt Statskog SF.

Dei som var positive til forslaget meinte det var riktig at det som er regulert andre stader blir teke ut av forskrifta, og at det er fornuftig med likt verkeområde for markaloven og markaforskrifta. Dei meinte stort sett at forslaget ville gjere det enklare og meir føreseieleg for skogbruket, og somme meinte at forslaget om 10 dekars grense for meldeplikta ville kunne føre til at skogeigarar vel å redusere storleiken på hogstflatene. Fleire meinte at forslaget ikkje ville svekkje omsynet til naturverdiane i Marka eller friluftslivet.

Fleire av høyringsinstansane som var imot forslaget meinte at forslaget til forskrift ikkje varetok balansen mellom skogbruk og miljøinteresser. Vidare meinte mange at "naturopplevingar" og "idrett" må inn i formålet, og at dei særlege verdiane i Marka ikkje kan bli avgrensa til friluftsliv.

Fleire meinte at den nye forskrifta måtte innebere ei skjerping av omsyna til friluftsliv, naturoppleving og biologisk mangfald.

Som nemnt lenger fram i dokumentet la Stortinget til grunn at restriksjonsnivået for skogbruket stort sett skulle vere det same som før markaloven tok til å gjelde.

Departementet sine vurderingar

I høyringsutkastet presenterte departementet ei samla løysing der det ikkje skulle vere meldeplikt for hogstinggrep under 10 dekar, og der det skulle innførast ei reell meldeplikt for hogstinggrep over 10 dekar. Meldeplikta var også tenkt kombinert med ei innsynsløysing som viste planlagde hogstar.

Elementa i dette forslaget fekk både støtte og motbør, men etter ei samla vurdering, og etter samråd med Klima- og miljødepartementet, har departementet kome til at det samla sett er riktig å vidareføre ei søknadsplikt for hogst. Dermed fell samtidig behovet bort for ei innsynsløysing for å informere allmenta om dei einskilde hogstplanane som no blir omsøkt etter forskrifta. Forskrifta § 7 er derfor endra i tråd med dette. Det er gjort nokre språklege endringar i føresegna, men ikkje nokre materielle endringar i høve til dagens regel.

Departementet legg til grunn at søknadsplikta omfattar både opne og lukka foryngingshogstar.

Departementet har teke inn eit nytt siste ledd i § 4 om markriving i tråd med innspill frå høyringa. Dette er ei vidareføring frå no gjeldande forskrift. Dei andre forskriftsendringane er av meir redaksjonell karakter, og i tråd med innhaldet i høyringsforslaget.

Forskrifta, og endringa i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, tek til å gjelde 1. januar 2022.

Med helsing

Frode Lyssandtræ (e.f.)
avdelingsdirektør

Beate Løken
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg: Forskrift

Adresseliste

Asker kommune	Knud Askersvei 24	1372	ASKER
Bærum kommune	Postboks 406	1302	SANDVIKA
Enebakk kommune	Prestegårdsveien 4	1912	ENEBAKK
Gjerdrum kommune		2022	GJERDRUM
Hole kommune	Hole Herredshus	3530	RØYSE
Indre Østfold kommune			
Jevnaker kommune	Postboks 70	3521	JEVNAKER
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Lier kommune	Postboks 205	3401	LIER
Lillestrøm kommune			
Lunner kommune	Sandvegen 1	2740	ROA
Lørenskog kommune	Hasselveien	1470	LØRENSKOG
Nannestad kommune		2030	NANNESTAD
Nittedal kommune	Moveien 1	1482	NITTEDAL
Nordre Follo kommune			
Oslo kommune	Rådhuset	0032	OSLO
Ringerike kommune	Osloveien 1	3511	HØNEFOSS
Rælingen kommune	Bjørnholthagan 6	2008	FJERDINGBY
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Postboks 325	1502	MOSS